



Kommunale forskrifter til Opplæringslova for Seljord kommune.

Forskriftene regulerer:

1. Omfanget av grunnskuleopplæringa.
2. Målformer i grunnskulen.
3. Ordensreglement.
4. Skulen (kringsgrenser).

Punkt 1. Omfanget av grunnskuleoppl ring i tid.

Oppl ringslova § 2-2, fjerde ledd.

Departementet gir forskrifter om samla tid til oppl ring i grunnskolen. Kommunen kan gi forskrifter om undervisningstid ut over timerammene i forskriftene etter f rste leddet. Kravet i § 38 f rste leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje. Oppl ringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme p  45 samanhengande veker i skole ret. Kommunen gir forskrifter om skole- og feriedagar i skole ret for elevane. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale pr ver. Kravet i § 38 f rste leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje. Departementet kan gi forskrifter om rammer for dagleg skoletid og om pausar for elevane.

Vedtak i formannskap 25.08.2011:

Skuleruta i Seljord kommune vert samordna med fylkeskommunal forskrift til skulerute. Elevane i Seljord har fri p  Dyrskufredagen.

Punkt 2. Målformer i grunnskulen.

Opplæringslova § 2-5

Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke. I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar. Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa. Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.

Elevar som blir overførte til ein ny skole med eit anna hovudmål enn det dei har hatt på årstrinna 1-4, har framleis rett til skriftleg opplæring på det opphavlege hovudmålet. Dei har rett til norskundervisning i eiga gruppe, uavhengig av kor mange dei er.

Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring.

I samband med skifte av hovudmål eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre krev det, skal det haldast rådgjevande røysting. Røysterett har alle som bur i det området i kommunen som soknar til skolen, jf. § 8-1, og som har røysterett etter valgloven § 2-2. Røysterett i høve til skriftleg opplæring har dessutan foreldre eller forsytar til barn på barnesteget ved skolen, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Vedtak i formannskap 25.08.2011:

Grunnskuleelevane i Seljord kommune skal ha nynorsk som hovudmål.

Punkt 3. Ordensreglement.

Utdanningsdirektoratet reviderte rundskriv om ordensreglement november 2014. Ny kommunal forskrift "Ordensreglement" er utarbeidd i samsvar med det nye rundskrivet. Ordensreglement gjeld ikkje for opplæring for vaksne etter Opplæringsloven kap 4a.

I Seljord kan kvar skule ved rektor vedta ordensreglar etter delegasjon, men i samsvar med overordna kommunale føringar, jf. punkt 3 i rundskriv Udir 8-2014. I Seljord er det formannskapet som har delegert mynde i saker som gjeld Opplæringslova, og som kan fatte vedtak om slike overordna føringar.

SFO og leksehjelp er ikkje ein del av skuletida og er difor ikkje omfatta av skulen sitt ordensreglement. SFO har egne vedtekter og bør utarbeide egne ordensreglar. Skulane bør og utarbeide egne reglar for leksehjelpa.

Ordensreglement gjeldande for grunnskulane i Seljord kommune.

1. Rektor ved kvar skule vedtek ordensreglement for skulen der mellom anna føresetnadane nedanfor er innarbeidde. Samarbeidsutvalet ved skulen er rådgivande organ.
2. Ordensreglementet skal ha med forhold som motiverer til auka trivsel og gode samversformer mellom elevar, og mellom elevar og dei som elles deltar i skulesamfunnet.
3. Ordensreglementet skal ha med reglar om rettar og plikter for elevane ved skulen.
4. Ordensreglementet skal ha med forbod om bruk av tobakk og rusmidlar.
5. Ordensreglementet skal ha med retningsliner for søtsaker og godteri.
6. Ordensreglementet skal ha med reglar om bruk av mobiltelefon og Internett. Mobiltelefon skal til vanleg vere avslått og ikkje i bruk i skuletida.
7. Ordensreglementet skal ha med retningsliner for kommunikasjon mellom skulen og heimen.
8. Ordensreglementet skal ha med retningsliner for bruk av sykkel.
9. Det skal gå fram av ordensreglementet kva refsingstiltak som skal kunne nyttast, og kva prosedyre som skal følgjast ved iverksetjing av refsingstiltak. Tiltak som ikkje er tatt med i ordensreglementet, kan ikkje brukast.
10. Ordensreglementet skal drøftast i rådsorgana ved skulen kvart år, og i tillegg gjerast kjent for elevane og foreldra.
11. Ordensreglementet gjeld for alle aktivitetar i skulen sin regi.
12. Ordensreglementet gjeld også på skulevegen.
13. Med heimel i denne forskrifta kan rådmannen fastsette IKT-reglement for skulane.
14. Sakshandsaming ved brot på ordensreglementet fylgjer reglane i Opplæringslova § 2-9, 4.ledd, § 2-10, 2. ledd, samt reglane om sakshandsaming i forvaltningslova.

Vedtak i formannskap 29.10.2015 :

Forslag til endringar i kommunale forskrifter til Opplæringslova gjeldande for Seljord kommune blir vedtatt i tråd med det framlagde forslaget. Formannskapet ber skulane utarbeide ordensreglement for skulen, leksehjelp og SFO med utgangspunkt i dei kommunale føringane. Skulane bør utarbeide retningslinjer for bruk av sykkel i samarbeid med FAU og elevrådet ved skulen.

Seljord januar 2016

Punkt 4. Skulen (kringsgrenser).

Opplæringslova § 8-1:

*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. **Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.** Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til. Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

Vedtak kommunestyret 4.4.2013:

- Seljord grunnskule er inndelt i to skulekrinsar: Seljord og Flatdal. Kommunen har ein skule for elevane på 8. til 10. klassetrinn: Seljord ungdomsskule.
- Elevane på barnetrinnet har rett til å gå på den skulen dei soknar til, som også vil vere den skulen som ligg nærast. Retten gjeld også for elevar med spesialundervisning.

Punktet ovanfor medfører at:

- Elevar frå Åmotsdal, Dyrlandsdalen, Langlim, Mandal, Svartdal og Flatdal går på Flatdal skule.
- Elevar frå resten av kommunen, frå og med Aarhus og sørover, går på Seljord barneskule.

Dersom ein elev etter søknad har fått plass ved ein annan skule enn den eleven soknar til, har eleven ikkje rett på skuleskyss, dersom det ikkje er særskilde spesialpedagogiske, sosiale eller faglege grunnar for søknaden, eller at tiltaket er iverksett i samsvar med tredje ledd i Opplæringsloven § 8-1.